

19102 Helikopterbase Ålesund Sjukehus

PLAN FOR

Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA)

Plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø etter Byggherreforskriften

<http://www.lovdatab.no/for/sf/ad/xd-20090803-1028.html>

Sist revidert, Førde 03.04.20.

| Innhold: | side |
|---|-------------|
| 2. Overordna mål for SHA- arbeidet: | 2 |
| 3. SHA i planleggings- og prosjekteringsarbeidet: | 3 |
| 4. Byggherreforskrifta | 3 |
| 4.1 Generelle plikter (§ 5): | 3 |
| 4.2 Risikoforhold (§ 6): | 3 |
| 4.3 Plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø for byggefasen (§ 7): | 3 |
| 4.4 Krav til SHA-planen (§ 8): | 3 |
| 4.5 Førrebyggande tiltak (§ 9): | 4 |
| 4.6 Førrehandsmelding (§ 10): | 4 |
| 4.7 Internkontroll (§ 11): | 4 |
| 4.8 Dokumentasjon for framtidige arbeid (§ 12): | 4 |
| 4.9 Utpeiking og oppfølging av koordinator (§ 13): | 5 |
| 4.10 Koordinering (§ 14): | 5 |
| 4.11 Oversiktslister (§ 15): | 5 |
| 4.12 Gjennomføring av plikter på byggherren sine vegne (§ 16): | 5 |
| 4.13 Generelle plikter for den prosjekterande (§ 17): | 6 |
| 4.14 Generelle plikter for arbeidsgjevarar i utføringsfasen (§ 18): | 6 |
| 4.14 Informasjonsplikt for arbeidsgjevarar i utføringsfasen (§ 19): | 6 |
| 5. Andre aktuelle lover og forskrifter | 6 |

1. Organisering :

Byggherre : Namn: Helse Møre og Romsdal HF
 Adresse: Åsehaugen 1, 6017 Ålesund
 Kontaktperson: Torolv Dalheim

Prosjektleder : Namn: Helse Møre og Romsdal HF
 Adresse: Åsehaugen 1, 6017 Ålesund
 Kontaktperson: Ole Jørgen Osnes

Koordinator i prosjekteringsfasen :

 Namn: Nordplan
 Adresse: Langebruvegen 9, 6804 Førde
 Kontaktperson: Grete Marøy Sellevoll

Prosjektet omfatter utbetringar av helikopterbasen ved Ålesund sjukehus etter tilsyn og krav frå Luftfartstilsynet. Dette gjeld både rom- og bygningsmessige krav som ikkje er tilfredsstilt på basen i dag, bl.a. støy på soverom, kontorfasiliteter, treningsrom m.v.

For å tilfredsstille krava er det planlagt ombygging av eksisterande bygg og tilbygg. Planlagt tilbygg på austsida av basen skal innehalde ny soveromsfløy, kontor, garderober, treningsrom og garasje til legebil. Eksisterande forlegningsdel vert delvis ombygd for å tilpasse ny organisering og nye rom.

Det er planlagt eit mindre tilbygg på vestsida av hangar, for flyteknisk personell og lagerfunksjon.

Hangar og helikopterlandingsplass skal vere i drift under heile byggeperioden.

Koordinator i utføringsfasen skal utpeikast av byggherren før arbeidet vert starta på byggeplass.

Forskrifta gjeld for (§ 3):

Byggherren, koordinatoren, den prosjekterande, arbeidsgjevar og einmannsføretak (alle prosjekterande og utførande) skal sørge for at krava i denne forskrifta blir gjennomført. Det same gjelder for byggherrens representant.

Koordinatorar rapporterer direkte til prosjektleder. Kopi til byggherre.

Koordinatorar for prosjektering er ansvarleg for utarbeiding SHA-plan (dette dokument) for prosjekteringsfasen og å halde denne oppdatert.

Koordinatorar for utføringa er ansvarleg for utarbeiding (vidareføring) av SHA-plan for utføringsfasen og å halde denne oppdatert. SHA-plan for utføringsfasen skal vidareføre innhaldet i dette dokumentet.

2. Overordna mål for SHA- arbeidet:

Byggherren har som mål å gjennomføre den samla byggeprosessen utan ulukker eller materielle skadar. For å sikre dette skal planlegging og gjennomføring av byggesaka vere i samsvar med *Forskrift om Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplasser* (Byggherreforskriften). Gjennom samarbeid med byggherren, egne tilsette, underentreprenørar og naboar skal utførande entreprenør arbeide for å redusere risikoen for helseskadar til eit minimum, eventuelt definert mål. Tryggleiksarbeidet på byggeplassen skal prioriterast på lik line med annan aktivitet.

Arbeidstakarane og omgjevnadene skal utsettast for så minimale ulemper som mogleg i byggeperioden. Med omsyn til naboar i området, må det særskilt utarbeidast gode og trygge planar/rutinar i samband med sikring av byggeplassen, sprengingsarbeid, arbeid på kveld/natt,

anleggstrafikk m.m. I utførande entreprenør sin SHA-plan skal det gå klart fram korleis naboar skal varslast/informerast.

SHA-planen for prosjekteringsfasen er utarbeidd som ein lekk i arbeidet nemnt over, og eitt eksemplar av planen skal til ei kvar tid finnast lett tilgjengeleg på byggeplass.

3. SHA i planleggings- og prosjekteringsarbeidet:

Alle deltakarar i planlegging og prosjektering skal planlegge sitt fagområde med tanke på forsvarleg gjennomføring på byggeplass og innarbeide dette i produksjonsmateriell/teikningar i den grad det høver for deira fag.

4. Byggherreforskrifta

4.1 Generelle plikter (§ 5):

Byggherren skal under planlegging syte for

- a. at dei arkitektoniske, tekniske og organisatoriske vala som vert gjort i plan- og prosjekteringsfasen er slik at byggearbeida kan gjennomførast på ein trygg måte med omsyn til SHA
- b. at dei risikoforhold som har innverknad på gjennomføring av arbeidet vert skildra og tatt omsyn til
- c. at tilstrekkeleg tid vert avsett til gjennomføring av dei einskilde arbeid eller arbeidsfasar slik at byggearbeida kan utførast på ein trygg måte
- d. at det vert teke omsyn til SHA-arbeidet på byggeplass ved koordinering av byggearbeida
- e. at dei plikter som er pålagt koordinatorar, dei prosjekterande, arbeidsgjevarar og einmannsføretak vert gjennomført

4.2 Risikoforhold (§ 6):

Dei risikoforhold som vert avdekka under planlegging- og prosjekteringsfasen skal innarbeidast i anbudsdokumenta.

I prosjekteringsfasen (fram til anbudsgrunnlag) har ein vurdert moment som er lista opp under punkt 4.4 som skal inngå i «Sikker jobb analyse». Eventuelle tilleggsmoment som vert avdekka i detaljprosjekteringsfasen skal leggjast til her. I tillegg skal entreprenør sikre arbeid og rutiner i høve samtidig drift av helikopterlandingsplass og byggeplass. Ein viser til risikovurdering utarbeida av Norsk Luftambulans (NLA AS) der det er gjort risikovurderingar knytt til byggeaktivitet tett på helipad (Vedlagt dette dokument).

4.3 Plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø for byggefasen (§ 7):

Før oppstart på byggeplass skal byggherren syte for at det vert utarbeidd skriftleg plan for SHA som skildrar korleis risikoforholda i prosjektet skal handterast. Utarbeiding av slik plan skal i anbudsdokumentet tilleggjast ein av dei utførande entreprenørane i prosjektet. Planen skal bygge på dette dokumentet. SHA-planen skal vere lett tilgjengeleg og den skal vere kunngjort / gjort kjent for alle som er på anleggsplassen. Planen skal oppbevarast i minst 6 månader etter at bygge- og anleggsarbeidet er avslutta.

4.4 Krav til SHA-planen (§ 8):

SHA-planen skal bygge på dette dokument og vere tilpassa det aktuelle prosjektet. Planen skal innehalde:

- Organisasjonskart som skildrar rolledeling og entreprisform
- Framdriftsplan som skildrar kvar og når dei einskilde arbeida skal utførast, jamfør punkt 4.1.c.
- «Sikker jobb analyse» for fylgjande arbeid:
 - ✓ Arbeid nær installasjonar i grunnen
 - ✓ Arbeid nær høgspenteleidningar og elektriske installasjonar

- ✓ Arbeid på stadar med passerande trafikk
 - ✓ Arbeid på stadar der arbeidstakar kan bli utsett for ras eller søkke i gjørme
 - ✓ Arbeid som medfører bruk av sprengstoff
 - ✓ Arbeid i sjakt, underjordisk masseflytting og arbeid i tunnel
 - ✓ Arbeid der personar kan bli skadd ved fall eller fallande gjenstandar
 - ✓ Arbeid med riving av berande konstruksjonar
 - ✓ Arbeid med tunge element
 - ✓ Arbeid med fare for helseskadeleg eksponering av støv, gass, støy eller vibrasjonar
 - ✓ Arbeid der personar vert utsette for kjemiske eller biologiske stoff som kan medføre belastning for SHA, eller som medfører eit lov- eller forskriftskrav om helsekontroll
 - ✓ Arbeid med ioniserande stråling der det er krav om kontrollerte eller overvaka soner
 - ✓ Arbeid som medføre brann- og/eller eksplosjonsfare.
- «Sikker jobb analyse» for fylgjande arbeid (spesielt for arbeid nær helikopterlandingsplass):
 - ✓ Arbeid der vind frå helikopter kan rive med seg lause massar, lause gjenstandar, presenningar og liknande
 - ✓ Arbeid der personar kan bli skadd av flygande gjenstandar
 - ✓ Arbeid der kranoperasjonar kan komme i konflikt med helikopterbevegelser
 - ✓ Arbeid under forhold med ekstern støy
 - ✓ Arbeid i nærleik av helikopterlandingsplass (ivareta tryggleiksrutiner for helikopterlandingsplassen iht. Prosedyrehåndbok for Ålesund Helikopterplass. Rutiner vil bli gjennomgått av flyplassseiger(HMR) ved oppstart av prosjekt.)
 - Rutine for avvikshandtering

Byggherren skal syte for at planen vert oppdatert dersom det skjer endringar med omsyn til SHA.

4.5 Førebyggande tiltak (§ 9):

Byggherren skal syte for at det vert stilt fylgjande krav:

- Det skal gjerast tiltak som hindrar at uvedkomande kjem inn på byggeplass.
- Det skal takast omsyn til andre verksemder i nærleiken av byggeplassen.
- Det skal vere god orden og forsvarleg hygieniske forhold på byggeplassen.
- Trygg tilkomst til arbeidsplassane og trygge ferdselsveggar på byggeplass
- Avmerking og tilrettelegging av område for lagring og oppbevaring av forskjellige materialar, særleg gjeld dette farlege materialar eller stoff.
- Vedlikehald, kontroll før igangsetting og kontroll av anlegg og utstyr, for å kunne rette opp feil som kan påverke arbeidstakar sin tryggleik, helse og arbeidsmiljø.
- Lagring, handtering og fjerning av avfall og farlege materialar.
- Forsvarleg arbeidstidsordningar.
- Tilfredstillande personalrom.
- Forsvarleg innkvartering av arbeidarar.

4.6 Førehandsmelding (§ 10):

Byggherren skal syte for at det vert sendt førehandsmelding til arbeidstilsynet seinast ei veke før oppstart av byggearbeidet. Denne oppgåva skal inngå i tilbodet til den entreprenøren som har koordineringsansvaret for SHA-arbeidet i utføringsfasen. Innhaldet i førehandsmeldinga skal vere i samsvar med byggherreforskriften §10.

4.7 Internkontroll (§ 11):

Byggherren skal stille krav om at verksemdene driv systematisk SHA-arbeid, jamfør internkontrollforskrifta.

<http://www.lovdatab.no/for/sf/ad/xd-19961206-1127.html>

4.8 Dokumentasjon for framtidige arbeid (§ 12):

Byggherren skal syte for utarbeiding av dokumentasjon om dei forhold som har innverknad på SHA ved framtidige arbeid (drift, vedlikehald, endring og riving). Dette skal inngå i bygget sin

FDV-dokumentasjon. Dei einskilde prosjekterande må syte for at det vert stilt krav til entreprenørane om slik dokumentasjon.

4.9 Utpeiking og oppfølging av koordinator (§ 13):

Byggherren skal peike ut ein koordinator for prosjekteringa og ein for utføringa av prosjektet som på byggherren sine vegne utfører koordineringa etter § 14 og § 15 i forskrifta.

Utpeiking av koordinator frittek ikkje byggherren for ansvar på området.

Før utpeiking av koordinator skal byggherren vurdere om vedkomande har andre plikter som kan kome i konflikt med rolla som koordinator.

Byggherren skal gjennom skriftleg avtale klargjere kva plikter og fullmakter koordinatoren skal ha. Byggherren skal gjennom heile prosjektet fylgje opp at koordinatoren fylgjer opp sine plikter.

Koordinatoren skal ha naudsynt kunnskap om SHA-arbeid inklusiv arbeidsmiljølova. Koordinator for utføringsfasen skal i tillegg ha praktisk erfaring frå bygge- og anleggsarbeid.

4.10 Koordinering (§ 14):

Koordinering i prosjekteringsfasen omfattar følgjande:

- Koordinere prosjekteringa slik at omsyn til SHA vert ivareteke.
- Syte for utarbeiding av SHA-plan

Koordinering i utføringsfasen omfattar følgjande:

- Fylgje opp risikoforhold i byggherren sin SHA-plan.
- Fylgje opp at det vert utarbeidd tidsplanar som sikrar at det vert avsett tilstrekkeleg tid til utføring av dei einskilde arbeida.
- Fylgje opp at arbeidsgjevarar og einmannsføretak gjennomfører SHA-planen
- Koordinere arbeidsgjevarar og einmannsføretak sitt arbeid som kan påverke kvarandre med omsyn til SHA.
- Sjå til at arbeidsgjevar fylgjer opp krava i § 9
- Sjå til at det vert ført oversiktslister jamfør § 15.

4.11 Oversiktslister (§ 15):

Det skal førast elektroniske liste over alle som utføre arbeid på byggeplass. Lista skal førast og kontrollerast dagleg og innehalde følgjande:

- Namn og adresse på byggeplassen
- Namn på byggherren
- Namn på arbeidsgjevar eller einmannsføretak eller, for innleigde arbeidstakarar, namn på innleigeverksemda.
- Organisasjonsnummer for registreringspliktige verksemder
- Namn og fødselsdato på alle som utføre arbeid på byggeplassen

Listene skal vere tilgjengeleg for byggherren sin representant, arbeidsgjevaren, verneombod og Arbeidstilsynet. Listene skal oppbevarast i minst 6 månader etter at byggearbeida er avslutta.

4.12 Gjennomføring av plikter på byggherren sine vegne (§ 16):

Byggherre kan skriftleg avtale at ein juridisk eller fysisk person som på byggherren sine vegne skal gjennomføre fastlagde plikter etter denne forskrift (byggherren sin representant).

Byggherren skal vurdere om den som skal velgast som byggherren sin representant har andre plikter som kan kome i konflikt med dei oppgåver vedkomande skal utføre på vegne av byggherren.

4.13 Generelle plikter for den prosjekterande (§ 17):

Dei prosjekterande skal gjennom sitt arbeid risikovurdere forhold knytt til SHA på byggeplassen. Omsyn til SHA skal ivareta gjennom arkitektoniske val og tekniske løysingar. Dei forhold som kan påverke framtidige arbeid skal dokumenterast, jmfør §12. Dersom det kan oppstå risikoforhold som krev spesifikke tiltak (§ 8c) skal dette skildrast og meddelast byggherren

4.14 Generelle plikter for arbeidsgjevarar i utføringsfasen (§ 18):

Arbeidsgjevar skal:

- Fylgje SHA-planen og koordinator sine pålegg.
- Planlegge sitt arbeid med omsyn til naudsynte risikovurderingar, og foreta risikovurderingar av identifiserte risikoområde i byggherren sin SHA-plan.
- Informere byggherren om risikoforhold som ikkje inngår i SHA-planen
- Sjå til at førebyggjande tiltak i §9 vert fylgde.
- Innarbeide relevante delar av SHA-planen i sine internkontrollsystem (internkontrollforskrifta) på ein slik måte at planen sine krav kan identifiserast.
- Informere byggherren om avvik frå planen som kan ha innverknad på arbeidstakarar sin SHA.

4.14 Informasjonsplikt for arbeidsgjevarar i utføringsfasen (§ 19):

Arbeidsgjevar skal:

- Informere verneombod om SHA-planen.
- Sjå til at arbeidstakarar og verneombod på ein forståeleg måte er informert om tiltak som vert gjort med omsyn til SHA på byggeplass.

5. Andre aktuelle lover og forskrifter

Andre aktuelle lover/forskrifter som er aktuelle vedkomande SHA i byggeprosjektet:

- Arbeidsmiljølova.
<http://www.lovdato.no/all/hl-20050617-062.html>
- Lov om tilsyn med elektriske anlegg og utstyr.
<http://www.lovdato.no/all/hl-19290524-004.html>
- Forskrift om internkontroll.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-19961206-1127.html>
- Forskrift om identitetskort på bygge- og anleggsplasser.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-20070330-0366.html>
- Forskrift om asbest.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-20050426-0362.html>
- Forskrift om støy på arbeidsplassen.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-20060426-0456.html>
- Forskrift om stillaser, stiger og arbeid på tak m.m.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-19890414-0335.html>
- Forskrift om bruk av personlig verneutstyr.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-19930524-1425.html>
- Forskrift om arbeidsplasser og arbeidslokaler.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-19950216-0170.html>
- Forskrift om sveising, termisk skjæring, termisk sprøyting, kullbuemeisling, lodding og sliping (varmt arbeid).
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-19980226-0179.html>
- Forskrift om oppbygging og bruk av stoffkartotek for helsefarlege stoffer i virksomheten.
<http://www.lovdato.no/for/sf/ad/xd-20000414-0412.html>
- Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter (Forskrifta gjeld for tildeling av tenestekontrakt og bygge- og anleggskontrakt som overstiger 1,05 millionar kroner eks. mva. for statlige myndigheiter og 1,65 millionar kroner eks. mva. for andre oppdragsgjevarar).

<http://www.lovdata.no/for/sf/fa/xa-20080208-0112.html>

- Forskrift om allmengjøring av tariffavtaler.
<http://www.lovdata.no/for/sf/ad/xd-20081006-1121.html>
- Avfallsforskrifta: Arbeid skal gjennomførast slik at miljøbelastningar vert kontrollerte og avgrensa mest mogleg. Det same gjeld prosedyre for avfallshandtering/ sortering. Det må utførast miljøkartlegging av farleg avfall. Avfallsplan og eventuell miljøsaneringsplan må utarbeidast i samsvar med Avfallsforskrifta.
<http://www.lovdata.no/for/sf/md/xd-20040601-0930.html> - 15-5

Safety Risk Assessment

| | |
|-----------------------|----------------------------------|
| Moment: | Byggevirksomhet ved Base Ålesund |
| Prosess eier: | Flight Operation Manager |
| Utarbeidet av: | Baseleder, Safety Manager |
| Kopi: | NLA SRB, SAG |
| Dato: | 24.03.20 |

1 Innledning

Base Ålesund skal bygges ut for å tilfredsstille krav fra Luftfartstilsynet og lukke HMS-avvik gitt av Luftfartstilsynet.

Dette vil gjøres ved å etablere tilbygg på begge sider av eksisterende hangar, med pågående byggevirksomhet i en periode sommer/høst/vinter 2020.

Byggevirksomhet tett på eksisterende helipad introduserer risikomomenter som må risikostyres for sikre operasjoner. Vurdering og etablering av midlertidig base skal også risikostyres.

Byggherre og entreprenør har ikke utarbeidet risikovurderinger for byggeprosjektet. Uavhengig av dette skal NLA AS, som ansvarlig operatør ved basen å gjøre selvstendige risikovurderinger.

2 Metodikk

Det gjøres utelukkende risikovurderinger etter kvalitativ metode, der risikomomenter forbundet med byggeaktivitet tett på helipad vurderes.

Det listes:

- Faremomenter som er identifisert
- Mulige konsekvenser forbundet med faremomenter
- Tilrådninger for sikkerhetsbarrierer
- Status for tilrådninger beskrives av baseleder
- Det konkluderes for aktuelt risikonivå vurdert mot risikoaksept

3 Risikovurderinger

| Fare moment | Mulige konsekvenser | Tilrådninger sikkerhetsbarrierer | Status |
|------------------|--|--|--------|
| Byggekran | Bruk av byggekran introduserer et luftfartshinder, med risiko for kollisjon og et havari | Det må etableres prosedyrer som sikrer at aktivitet med byggekran ikke er i konflikt med helikopteroperasjoner. Kran må tas ned ved avsluttet byggearbeid for dagen, og det forventes at den merkes iht. forskrift BSL E 2-1 som et midlertidig luftfartshinder. Prosedyrene må utformes slik at beredskap prioriteres foran byggeaktivitet. | |
| Løse gjenstander | Løse gjenstander som kan blåses opp kan komme i konflikt med helikopterets rotor og i verste fall gi et havari. Det introduseres også risiko for at slike blåses | Det må lages prosedyrer som ivaretar at byggeplass til enhver tid er sikret mot at løse gjenstander kan blåses av gårde. | |

Safety Risk Assessment

| | | | |
|--|---|--|--|
| | mot personer og materiell, med påfølgende skade. | | |
| Løs masser | Løse masser som blåses av gårde som følge av down wash kan gi skade på materiell. I hovedsak parkerte kjøretøy, men også personer på byggeplass. | Parkeringsplasser som er eksponert for løse masser som kan blåses mot dem må stenges i byggeperiode. Personell på byggeplass må gjøres oppmerksom på risiko for å kunne ivareta egen sikkerhet. | |
| Personell ved helipad | Uautorisert ferdsel ved helipad samtidig med helikopteroperasjoner introduserer risiko for alvorlig/fatal personskade | Det må sikres at personell på byggeplass ikke har adgang til helipad. Plassen bør sikres bedre enn i dag, som et minimum ved å benytte de kjettinger som eksisterer for å markere at uautorisert trafikk til helipad ikke er tillatt. | |
| Redusert parkeringskapasitet | Ytterligere redusert kapasitet kan resultere i kreative parkering foran hangar, innkjøring til helipad, etc., som gir forhøyet risiko ifm. utrykning med legebil. | Helipad må sikres fysisk. Foran hangar og veien inn til helipad må det være fri sikt for sjåførene. Det bør etableres flere midlertidige parkeringsplasser/innngås avtale med eksterne | |
| Tilfredsstillende boforhold | Byggearbeidene kan føre til at boforhold og mulighet for tilfredsstillende hvile ikke oppnås | Det må sikres boforhold av dagens standard. Det må sikres at boforholdene er utformet på en slik måte at tilfredsstillende hvile oppnås. | |
| Tilfredsstillende lokaler for daglig drift av en LA-base | Byggearbeidene kan føre til at lokaler (kontorer, OPS-rom, verksted, lager) for daglig drift av en LA-base ikke er tilfredsstillende. | Det må sikres at lokaler for daglig drift av en LA-base er tilfredsstillende. | |
| Plan for varsling ved helikopter bevegelser | Ferdsel ved helipad samtidig med helikopteroperasjoner introduserer risiko for alvorlig/fatal personskade. Ved helikopteroperasjoner i byggeperioden må arbeidere kunne varsles om å trekke unna. | Entreprenør må ha en plan for hvordan de tenker varslingsrutiner til sine arbeidere ved normaloperasjon under byggeprosessen. AMK må ha en plan for varslingsmuligheter til arbeidere ved ankomst av helikopter | |

Safety Risk Assessment

4 Konklusjon

Det vurderes at de identifiserte risikodrivende momenter foreløpig ikke er ivaretatt og ikke kommunisert til utbygger for å sikre akseptabel risiko.

For en kontinuerlig safety assurance prosess i byggeperioden pålegges entreprenør og prosjektleder tilleggsoppgaver:

- Det verifiseres at kranoperasjoner ikke er i konflikt med sikre helikopterbevegelser.
- Byggeplass overvåkes kontinuerlig med hensyn til løse gjenstander og løsmasser som kan forårsake skade.
- Det gjøres en inspeksjon av byggeplass etter endt arbeid for dagen.
- Det verifiseres at helipad er tilstrekkelig sikret mot uautorisert ferdsel.

Under forutsetning av at disse momenter kontinuerlig følges opp vurderes det at operasjoner til/fra basen kan opprettholdes i deler av byggeperioden med akseptabel risiko. Dette innebærer at det i deler av byggeperioden må etableres en midlertidig base.

Det forutsettes videre at det i del 3 av denne SRA beskrives akseptabel status for de risikostyrende tiltak som er beskrevet for det enkelte faremoment.

Innhold i denne SRA må gjøres kjent for alle crew.


Safety manager NLA